



Retningslinjer for tildeling av kommunale bustadar til bustadsosiale føremål i Seljord kommune

Vedteke i kommunestyret 16. juni 2011 sak 41/11

Kapittel 1. Innleiande merknader

§ 1 Føremål

Retningslinjene skal legge til rette for at personar i målgruppa, kan få leige ein nøktern og eigna kommunal bustad. Retningslinjene skal bidra til auka rettstryggleik for søkjarar til kommunale bustadar.

§ 2 Kommunal bustad

Med kommunal bustad meinast alle bustadar som kommunen disponerar til bustadsosiale føremål. Retningslinjene gjeld butilhøve som har sin forankring i avtale om bruksrett til husrom mot vederlag, jf. husleigelova § 1-1.

§ 3 Målgruppe

Målgruppa for retningslinjene er personar som ikkje sjølv eller ved hjelp av andre former for offentleg bistand, greier å skaffe seg eigna bustad.

Kapittel 2. Vilkår for leige av kommunal bustad

§ 4 Noverande butilhøve

Søkjar må på søknadstidspunktet ha lovleg opphald i Noreg og vera folkeregisterført i Seljord kommune, vera utan eigna bustad, står i fare for å miste noverande bustad eller vere tilvist til kommunen etter avtale med IMDI/staten.

§ 5 Alder

Søkjar må på tildelingstidspunktet vera fylt 18 år.

Det kan gjerast unntak frå kravet til alder, dersom søkjar har dagleg omsorg for barn eller det ligg føre andre særlege grunnar.

§ 6 Søkjarar med behov for oppfylging

Søkjar må kunne meistre busituasjonen og pliktar knytt til denne, eventuelt ved hjelp av oppfylging frå kommunen. Hjelpetiltak som er naudsynte for at søkjar skal kunne meistre busituasjonen, skal vere spesifisert og leggast fram for søkjar til uttale og godkjenning. Aksepterte hjelpetiltak skal danne grunnlag for ei samarbeidsavtale mellom søkjar og kommunen, og inngå som eit punkt i leigeavtala.

§ 7 Inntekt, formue m.v.

Søkjar må ikkje ha inntekt, formue eller andre føresetnader som gjer søkjar i stand til sjølv å skaffe seg eigna bustad.

Øvre rettleiande inntektsgrense for tildeling av kommunal bustad til bustadsosial føremål er for einslege 3G. For husstandar med to personar er rettleiande inntektsgrense 4G og med 5% av 4G i påslag for kvar person utover to.

Dersom husstandens økonomi på grunn av stor gjeld, bidrag eller liknande gjer søkjar ute av stand til sjølv å skaffe seg bustad, kan det takast omsyn til dette.

Øvre rettleiande grense for formue tilsvarar 1G, uansett storleiken på husstanden.

Kapittel 3. Prioritering mellom søkjarar som fyller vilkåra

§ 8 Prioritering

Er talet på søkjarar som fyller vilkåra i retningslinene større enn talet på kommunale bustadar som er til disposisjon, vert det gjort ei prioritering mellom dei kvalifiserte søkjarane. I prioriteringa skal det leggjast vekt på dei kvalifiserte søkjarane sine behov, avtalar med IMDI og kva for type bustadar som er tilgjengelege. Søkjarar som etter ei samla vurdering synest å ha det største og mest omfattande bustadbehovet skal bli prioritert.

Det kan takast omsyn til at ein i nokre av bustadane kan stille særskilde krav til samansetjinga av bebuarar. Søknad om vidare leige, i samband med at leigekontrakta går ut, handsamast etter § 15.

Kapittel 4. Uoppgjort gjeld til Seljord kommune

§ 9 Uoppgjort gjeld til Seljord kommune

Dersom søkjar har uoppgjort gjeld til Seljord kommune som fylgje av tidlegare butilhøve, kan det setjast vilkår om ei nedbetalingsavtale for gjelda, dersom leigetakaren sin økonomi tillet dette.

Kapittel 5. Sakshandsaming m.v.

§ 10 Søknad

Søknad om leige av kommunal bustad sendast til Nav Seljord, som førebur saka for tildelingsgruppa.

§ 11 Vedtak

Den som er tildela mynde av rådmannen fattar vedtak etter desse retningslinjer.

Søkjar får vedtak om at vedkomande fyller kriteria for tildeling av kommunal bustad eller ikkje.

I vedtak om leige av kommunal bustad skal det kome fram kva for bustad som er tildela, lengda på leigekontrakta jf. § 12, talet på rom, eventuelle akseptera hjelpetiltak som er naudsynte for at søkjar skal kunne meistre busituasjonen jf. § 6 og eventuelt vilkår om at søkjar inngår ei avtale om nedbetaling av gjeld i samsvar med § 9 i retningslinene.

Ved ev. mangel på bustadar, får søkjar som fyller kriteria tilbod om å stå på venteliste. Kommunen v/NAV plikter samstundes å sjå til at søkjar har eit mellombels butilbod jf. Lov om sosiale tenester i NAV § 27.

§ 12 Leigetid

Vedtak om leige av kommunal bustad skal som hovuddregel gjerast som ei tidsbestemt leigeavtale med inntil 3 års leigetid.

§ 13 Bortfall av vedtak om leige av kommunal bustad

Vedtaket fell bort når:

- 1) søkjar ikkje svarer på vedtaket innan 3 veker eller utan sakleg grunn ikkje tek imot tilbod om bustad.
- 2) søkjar sin situasjon er endra frå søknadstidspunktet til tidspunktet for inngåing av leigecontrakt, slik at søkjar ikkje lenger fyller vilkåra for å få leige kommunal bustad.

§ 14 Oppfylling av vedtak om leige av kommunal bustad

Vedtaket er gyldig og kan setjast i verk når det er inngått avtale om leigecontrakt.

§ 15 Nytt vedtak når leigecontrakta til kommunal bustad går ut

Vedtak om vidare leige av kommunal bustad, i samband med at leigecontrakta går ut, fattast etter søknad dersom leigar framleis fyller krava jf. retningslinene kap. 2 og vert prioritert jf. kap. 3.

Når kommunen fattar vedtak om at søkar skal få ny leigecontrakt, vurderar kommunen samstundes om søkjar skal tildelast anna eigna bustad som er tilpassa husstandens noverande situasjon.

§ 16 Klagerett

Vedtak kan klagast på til Seljord kommune. Klaga sendast til Nav Seljord. Klagefristen er 3 veke frå det tidspunktet søkjaren har motteke vedtaket.

§ 17 Rettleiar til retningslinene

Rådmannen kan utarbeide rettleiar til retningslinene.